

## Kulturlandskap i skule og bornehage

### Kulturprogram og undervisningstilbod frå Kulturlandskapsenteret i Telemark

Ved Kulturlandskapsenteret har me over nokre år no arbeidd med å lære frå oss til born og unge om dei ulike laga med historie som ligg i landskapet vårt.

Me tek utgangspunkt i det naturgjevne ressursgrunnlaget her i landet, gamle og nye driftsmåtar og koplinga mellom natur og kultur i landskapet ungane veks opp i.

Me vil veldig gjerne at fleire skal dra nytte av - og gjerne bygge vidare på - våre opplegg og erfaringar. Me tilbyd difor kulturprogram for bornehagar, gjesteundervisning i skulen og faglege opplegg for lærarar om korleis ein kan trekke inn kulturlandskap som emne på tvers av ulike fag.

Me vonar de kan finne nokre av tilboda våre interessante og aktuelle for bornehagar og/eller skular i dykkar kommune i 2015. Me vil gjerne ha ev. førespurnader inn før årsskiftet, og oppmodar samstundes dei skulane og bornehagane som er interesserte om å spela dette inn som ynskje i dei budsjetta dette høyrer heime.

De når oss på:

[post@kulturlandskapsenteret.no](mailto:post@kulturlandskapsenteret.no)

Det er *Ingvill Marit Buen Garnås* som arbeider med dette hjå oss, og som de kan ta kontakt med om de vil tinge eller har spørsmål knytt til dei ulike opplegga: tlf. 97187758

### Ulike tilnærmingar for ulike aldersgrupper:

For dei minste (bornehagen) brukar me helst gamle forteljingar og folkesongar som grunnlag for formidlinga. Me har mykje å ause av når det gjeld dette i soge- og folkemusikktradisjonen i Telemark.

Når me arbeider med småskulen (1. - 4. klasse) ser me gjerne etter konkrete ting i landskapet (kulturminne) i nærområdet. I Hjartdal har me til dømes laga eit lite opplegg kring ei gamal gutu (dvs. ein geile/ei fegate) der buskapen blei leia utanom åker og eng, opp dei bratte liene og vidare innover buferdsvegen til fjells.

For mellomsteget (5. - 7. klasse) og ungdomsskulen (8. - 10. klasse) har me gjort det meir djuptpløyande gjennom eit par doble tematimar, heimeoppgåver i form av intervju av besteforeldre og andre eldre i bygda, og synfaringar. Tema ein er innom er mellom anna «naturtypar og biologisk mangfald», «landbruk, busetjing og reiseliv» og «miljø og matvaretryggleik».

Me legg elles opp undervisninga vår på ein slik måte at lærarane sjølve skal kunne ta utgangspunkt i opplegget eit anna år. Slik sett kan ei gjennomføring av undervisningsopplegget med oss samstundes reknast som eit kurs for dei aktuelle lærarane.

### Kulturprogram-, undervisings- og kurstilbod:

**\* Besøk i barnehagen: «Hjuringen sat på bergjet det blå»**

Ved Ingvill Marit Buen Garnås, Kulturlandskapsenteret



Frå Bakkane i Hjartdal, 1896. Foto: John Haugen.

Forteljingar og songar om landskap og hjuringar, tussar og troll.  
Høver best for dei eldste i barnehagen (4-5 år).

Eitt einskild program: 4.000 kr  
To gjennomføringar per dag: 6.000 kr  
Tre gjennomføringar per dag: 8.000 kr  
Køyring kjem i tillegg.

**\* Undervising i skulen: «Ut i mark og eng - Kulturlandskap i skulen».**

Ved Ingvill Marit Buen Garnås, Kulturlandskapsenteret



Kyrkjekrinsen skule går «Grøpåstadgutu», 2011.

Einskildtime: 4.000 kr  
Dobbeltime: 6.000 kr  
Køyring kjem i tillegg.

Me tilrår to besøk med ca. 1-2 månaders mellomrom, uavhengig av klassesteg.  
Frå 5.-10. klasse bør det leggest opp med dobbelttimar. Vårhalvåret er best.

Me kan etter nærare avtale også vera med på oppfylgjing av elevoppgåver, planlegging og gjennomføring av synfaringar etc.

**\* Kurs for lærarar: Kulturlandskap som emne i natur- og samfunnsfag**

Ved Ingvill Marit Buen Garnås, Kulturlandskapsenteret

Kurs/miniseminar på tre timar (2 føredragsbolkar + oppsummeringsdel): 8.000 kr  
Køyring kjem i tillegg. Dersom ynskjeleg kan seminaret forlengast med ei økt med idemyldring og drøfting av lokale opplegg for undervising om kulturlandskap.